

## Sigmund Myklebust - leiar i det nye soknerådet.

04.10.2019



Det nye soknerådet i Uskedalen. Framme: Sigmund Myklebust ( leiar ) og Eli Roseth Eik ( nestleiar ). Bak f.v: Liv S. Eik, Arne Møller ( varamedlem ) og Kristian Bringedal.

**Sigmund Myklebust er den nye leiaren i Uskedal sokneråd etter Svanhill Haugland. Nestleiar er Eli Roseth Eik. Ny kasserar etter Ove Myhre er Liv Sæbø Eik. Kristian Bringedal held fram som skrivar. Soknet sin medlem i Fellesrådet vert Eli Roseth Eik. Vala vart gjort på møte i går kveld. Det er lagt opp til eit stort og omfattande program i kyrkja denne hausten, med mellom anna gudstenester, lysmesse, konsertar, salme- og temakveld. Eit vellukka konfirmantjubileum er alt unnagjort.**

Kyrkjeverje, Erlingur Nielsson, var med på møte. Han orienterte om Soknerådet og Fellesrådet sitt arbeid. Prestestillinga i Uskedal Sokn vert truleg lyst ut på nytt, saman med prestestillinga i Husnes Prestegjeld. Trusopplæringa og konfirmantførebuinga går etter oppsett plan. Reidar Ådnanes vil ha konfirmantane fram til han går av for alderspensjon i desember. Noko av arbeidet er lagt til Hobbyklubben som har sine samlingar på Bedehuset.

Avskilgudstenesta for Ådnanes vert i Husnes kyrkje 10. november. Arne Natås held fram som vikarprest, også i Uskedalen.



Kyrkjeverje, Erlingur Nielsson, var med på møte og orienterte mellom anna om arbeidet til Soknerådet og Fellesrådet. Her saman med Arne Møller.

På to av gudstenestene vert det musikalske innslag. Alt søndag 20.oktober vert det Familiegudsteneste på ettermiddagen med utdeling av kyrkjebok til 4,5 og 6 åringane. Det nye ungdomskoret Singing Tweens vert med på gudstenesta.

Uskedal Musikklag vert ein del av gudstenesta søndag 3. november. Musikklaget spelar mellom anna musikk frå repetoaret til Frelsesarmeen. Ein annan kjend tekst og melodi, Jag har hørt om en stad ovan molnen, av Lydia Lithell vert framført med solistar.

Soknerådsleiaren, Svanhill Haugland, takka for samarbeidet og alt det gode arbeidet som er gjort i desse fire åra. Thor Inge Døssland og Ove Myhre, som no går ut av soknerådet, fekk blomehelsing.

Alle samlingane i kyrkja vert kunngjord på nettsida Uskedalen.no, ved oppslag og på heimesida til Kyrkja i Kvinnherad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal